



UNIVERSITETET I OSLO

Institutt for filosofi, idé- og kunsthistorie og klassiske språk

Studiekonsulent

Om stillinga

Institutt for filosofi, idé- og kunsthistorie og klassiske språk lyser ut ei til to faste stillingar som førstekonsulent/seniorkonsulent (SKO1408/SKO1363) innan studieadministrasjon. Dei som vert tilsett vil få ansvar for studieadministrative oppgåver knytt til instituttet sine studieprogram og emne. Minst ei av stillingane vil ha store delar av sine arbeidsoppgåver innan drifta av examen philosophicum.

Stillinga inngår i ei gruppe på i alt 11 personar som arbeider med studieadministrasjon. Arbeidet vert leia av studieleiar. I studieadministrasjonen arbeider vi både sjølvstendig og tett saman. Vi er eit godt koordinert team, stiller opp for kvarandre når det trengs og har eit godt arbeidsmiljø. Det er viktig for oss å holde eit høgt nivå og vise godt skjøn i saksbehandlinga.

Jobben krev ei sjølvstendig haldning, digital dugleik, gode kommunikasjonsevner og god rolleforståing. I ein travel kvardag og i møte med eit stort antal studentar og vitskapeleg tilsette er det annars viktig at du kan handtere eit til tider høgt arbeidspress med fleire slags oppgåver som skal leverast innan faste tidsfristar, samstundes som desse oppgåvene krev høg grad av nøyaktigheit.

For nærare informasjon om instituttet sjå nettsida: [Institutt for filosofi, idé- og kunsthistorie og klassiske språk \(uio.no\)](https://www.uio.no/institutt-for-filosofi-ide-og-kunsthistorie-og-klassiske-sprak/)

Arbeidsoppgåver

Stillinga omfattar:

- planlegging og oppfølging av undervisning og/eller eksamen innan eit eller fleire fag
- administrativ drift av emne
- saksbehandling av studentsaker
- å svare på førespurnadar frå studentar
- kvalitetssikring og evaluering av studiane
- administrativ støtte til vitskapeleg tilsette og leiinga ved instituttet

Det kan òg bli lagt andre studieadministrative oppgåver til stillinga.

Kvalifikasjonskrav

- utdanning frå universitet eller høgskule (minimum tilsvarande bachelornivå). Relevant realkompetanse kan erstatte utdanningskravet
- gode kommunikasjonsevner
- god skriftleg og munnleg framstillingsevne på norsk og engelsk
- gode IT-kunnskapar

Det er ein fordel med erfaring frå studieadministrasjon i universitets- og høgskulesektoren generelt og Universitetet i Oslo spesielt.

Vi legg også stor vekt på motivasjon og at personen høver til stillinga.

Personlege eigenskapar

Vi ser etter ein person som

- er ryddig, nøyaktig og systematisk, og som samtidig er effektiv og sjølvstendig
- har gode samarbeidsevner, og som vil bidra til eit godt arbeidsmiljø for studentar, vitskapeleg tilsette og for administrasjonen ved instituttet
- har evne til å arbeide målretta og strukturert, og som kan etablere og følge gode rutinar og system
- har god stressmestring og evner å følge opp fleire ulike oppgåver samtidig
- er flink med digitale verktøy

Vi tilbyr

- lønn frå kr 471 300 til kr 534 900 per år, avhengig av kompetanse for stilling som førstekonsulent
- lønn frå kr 509 500 til kr 584 700 per år, avhengig av kompetanse for stilling som seniorkonsulent
- eit hyggeleg og stimulerande arbeidsmiljø
- god pensjonsordning i [Statens Pensjonskasse](#)
- stilling i ei IA-verksemd, [gode velferdsordningar](#) og høve til trening i arbeidstida

Søknaden skal innehalde

- søknadsbrev
- CV
- vitnemål
- liste med 2-3 referansar (namn, tilknytning til søker, e-postadresse og telefonnummer)

Søknad med vedlegg må sendast inn via rekrutteringssystemet vårt, Jobbnorge.

Andre opplysningar

Aktuelle søkarar vil bli kalla inn til intervju.

I høve til offentleglova § 25, 2. ledd kan opplysningar om søkeren bli offentleggjorde sjølv om søkeren har bedt om ikkje å bli oppført på søkerlista.

Vi viser òg til [regelverk for teknisk-administrativt tilsette](#).

UiO har ein [overtakingsavtale](#) for alle tilsette med formål å sikre rettane til forskingsresultat m.m.

UiO har eit personalpolitisk mål om å oppnå ei balansert kjønnsamansetting og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn.

I tillegg ønsker UiO at medarbeidarane våre i størst mogleg grad speglar mangfaldet i befolkninga. Vi oppmodar derfor kvalifiserte søkarar med redusert funksjonsevne til å søkje stillinga. Som [IA-bedrift](#) vil vi legge til rette for medarbeidarar med nedsett funksjonsevne.

Kontaktinformasjon

Studieleiar [Hanne K. Lindemann](#) - h.k.lindemann@ifikk.uio.no

Administrativ leiar [Karen Haugland](#) - k.m.haugland@ifikk.uio.no

Personalkonsulent [Anders Rykke](#) - anders.rykke@hf.uio.no

Universitetet i Oslo

Universitetet i Oslo er den eldste og høgst rangerte forskings- og utdanningsinstitusjonen i Noreg, med 28000 studentar og 7000 tilsette. Fagleg breidde og internasjonalt anerkjende forskingsmiljø gjer UiO til ein viktig samfunnsaktør.

Institutt for filosofi, idé- og kunsthistorie og klassiske språk består av fire faggrupper: Filosofi, idéhistorie, kunsthistorie og klassiske språk (gresk og latin). Instituttet er også ansvarleg for examen philosophicum ved UiO. IFIKK har rundt 110 tilsette.

Jobbnorge-ID: 232723, Søknadsfrist: Søknadsfristen er gått ut